

Kjell Tofte  
5454 Sæbøvik

Kvinnherad kommune  
Byggesakskontoret  
5470 ROSENDAL

Tofte den 18.01.2011

**Vedr.: Byggesak på 193/87 – Espen Solheim, 5454 Sæbøvik**

Viser til motteke nabovarsel for 193/87 om dispensasjon frå byggjegrensa for oppføring av tilbygg med garasje.

Eg har motteke situasjonsplan og fasadeteikningar i posten, men har ikkje vorte kontakta elle nærmare orientert om føreståane bygjeplanar.

I nabovarselet står det tilbygg med garasje, men av fasadeteikningane kan det tyda på at 2 etg. skal nyttast til andre ting, utan at dette er nemdt.

På situasjonsplanen visar ikkje heile tomten, dermed får ein ikkje eit rett inntrykk av forholda og moglegheiter som er til å plassera ein garasje annan stad.

Det må vera heil unødvendig å søkja dispensasjon frå §70 i PLB i denne saka.

Innkjørsla ligg heilt på vestsida av tomten, i motsatt ende av der ein nå vil plassera garasjen.

Mellom huset og innkjørsla er det god plass til garasje og parkering.

Dette har ein og bevist ved at det er oppført ei hagestove der så seint som i 2010, noko som blei gjort etter fyrste gong søknad om garasje i 2009.

Med bakgrunn i ovanfornemde vil eg protestera mot at det vert gjeve dispensasjon frå § 70 PLB i grensa til 193/97, for det finnes andre moglegheiter.

Med helsing



Kjell Tofte